

Frys på jobben også i år

Andrea Hjelmeland godt påkledd inne i fjor vinter

Tilsette ved Uskedalen oppvekstsenter frys på jobben også denne vinteren, melder verneombod Hilde Bringedal i ein rapport som ho har sendt kommunen. Ho minnar om at det sist vinter var så kaldt på skulen at elevar og tilsette måtte ha på seg ytterklede. Og denne veka har dei møtt på jobb to dagar til iskalst arbeidsrom. Vinden blæs rett gjennom, skriv Hilde.

FAU klaga i fjor til kommunen over manglande utbetring og kommunen svara at det måtte skje ei mellombels utbetring. Men Hilde skriv at dei tiltaka som vart summert opp, til dømes tetting av vindauge, ikkje er gode nok når dei tilsette sit og frys med vinden i ryggen. Også tekniske tenester er no orientert om situasjonen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Verneombod Hilde Bringedal:- Vi fryser med vinden i ryggen